

Fagområde: Kommunikasjon, språk og tekst

“Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.”

Rammeplan for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Barna får bruke språket sitt aktivt i ulike samanhengar, både i samspel barn-barn og barn-vaksne• Barna får hjelp til å setje ord på kjenslene og tankane sine• Vi vil skape eit språkstimulerande miljø på avdelingane gjennom møte med tekst i songar, rim og regler, eventyr, leik, bøker, bilete og IKT• Vi vil bruke bilete og konkretar som ein formidlingsstrategi i samband med tema/samlingar• Vi vil bruke mykje repetisjon for å vere sikker på at alle får med seg innhaldet• Vi støttar språkinnlæringa ved å hjelpe barna til å setje ord på det vi ser og det vi gjer• Vi vil nytte her og no-situasjonar til språkleg utvikling	<ul style="list-style-type: none">• Barna får setje ord på kjensler og handlingar• Barna syng songar og bruker rim og regler• Barna lyttar til forteljingar, bøker og eventyr• Bruke bilete og konkretar for å forsterke innhaldet i samband med tema/samling.• Vi blir kjent med rytme i språket, t.d. namnet til det einskilde barnet• Vi besøker biblioteket• Vi inviterer barna til samtale der den enkelte får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål• Vi vil sette av tid til lesing• Bruke språket til å skape relasjonar og deltaking i leik, og som reiskap til å løyse konflikhtar• Rolleleik og dramatisering, både av barn og vaksne• Bruke IKT• Barna skal kjenne igjen bokstav sin	<ul style="list-style-type: none">• Vi vil leike med omgrep i høve innhald, form og bruk• Form: korleis ordet høyrer ut, lydar, stavingar, rim i høve omgrepet, fokusere på lyden i staden for namn på bokstaven• Innhald: kva tyding har omgrepet -fleire tydingar - forklare• Bruk: bruke omgrepa i praksis, gjenforteljing, øve bruk av preposisjonar• Barna skal få erfaring med nynorsk gjennom høgtlesing, songar, dikt og lydbøker• Barna skal øve seg på å lytte til andre• Vi vil introdusere og bli kjent med symbol, store og små bokstavar gjennom leik• Barna skal kunne kjenne igjen namnet sitt, og gjerne skrive det• Barna skal få eksperimentere med rim, rytme, lydar og ord

Fagområde: Kropp, rørsle, mat og helse

“Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser.”

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Vi skal innarbeide gode rutinar rundt bleieskift, handvask, hygiene• Barnehagen tilbyr mat til frukost, lunsj og ettermiddag• Vi serverar sunn mat og har varmlunsj 1g i veka• Vi varierer utvalet i pålegg, grønnsaker og frukt• Vi skal stimulere fin og grovmotorikk med ulike aktivitetar• Vi legg opp til turmål som innbyr til utforsking og leik, der barna kan bevege seg i både flatt og ulendt terreng• Barna skal ha moglegheiter til utfordre seg sjølv fysisk gjennom motorisk leik, inne og ute• Barna skal få den roa og kvila dei treng kvar dag!	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal innarbeide gode rutinar når det kjem til hygiene.• Barna får tilbod om sunn, variert mat til alle måltid.• Barnehagen serverar barna varm lunsj 1g i veka.• Vi skal ha gode opplevingar med mat og barna skal lære å vere sjølvstendige ved måltida• Vi skapar eit sosialt og hyggeleg samspel, der alle blir inkludert og har moglegheit for å delta.• Barna skal bli trygge på eigen kropp og få ei positiv oppfatning av seg sjøve• Vi vil bruke turområde og uteleikeklassen aktivt for å oppfordre barna til kroppsleg utforsking og grovmotorisk utvikling.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få lære om kroppen og bli sjølvstendige• Vi øver på personleg hygiene i høve toalettbesøk og handvask• Barna skal verte sjølvstendig i av og på kledning• Barna får servert sunn mat, dei smør, sender til kvarandre og forsyner seg sjølv<ul style="list-style-type: none">• Barna får innimellom vere med på å lage mat.• Regelleikar ute• Barna skal øve på å utvikle handkontroll i høve blyantgrep og bruk av saks• Barna skal ha ei positiv oppfatning av seg sjølv, og vi legg til rette for kjensle av meistring• Vi går på tur i ulendt terreng

Fagområde: Kunst, kultur og kreativitet

“I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Personalet skal stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring”

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL

- Vi vil nytte og eksperimentere med ulike materialar
- Barna skal få opplevingar gjennom song, dans og drama ute og inne, og på den måten inspirere leiken deira.
- Vi vil lytte til musikk og bruke mykje song i kvardagen
- Vi vil bruke naturen som inspirasjon
- Barna skal få undre seg
- Dei vaksne skal inspirere barna sin fantasi og kreativitet

Trinn 2 MÅL

- Barna skal bli oppmoda til å bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Vi vil ta i bruk naturmateriale som ein ressurs under kreative aktivitetar både inn mot jul og tema.
- Vi vil aktivt bruke musikk, dans, song og drama som ein kanal for å uttrykkje seg og skape samspel og felles erfaringar for barna.
- Vi vil bruke ulike teknikkar og materiale til å uttrykkje seg estetisk
- Barna skal oppleve engasjerte, leikande vaksne

Trinn 3 MÅL

- Vi vil motivere barna til å uttrykkje seg gjennom song, musikk, dans og drama
- Barna skal få nytte ulike materiale vi finn ute og inne i kreative aktivitetar
- Barna skal få bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede gjennom ulikt materiell

Fagområde: Natur, miljø og teknologi

I grunnsynet til barnehagen står det av borna skal lære seg å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Dei skal få gode naturopplevingar og bli kjend med naturen sitt mangfald, og vi skal bidra til at borna oppleve tilhøyrse til naturen. Vi nyttar nærmiljøet vårt til turar med borna, dei vil då verte kjend med nærmiljøet samstundes som vi legg opp til gode turopplevingar. Naturen som leikeplass vil og vere med på å støtte borna sin sosiale kompetanse.

“Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til ei berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.”

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Positive, aktive vaksne som undrar, leiker og gler seg saman med barna i naturen, gjennom alle årstider og i all slags ver• Vi sorterer avfall; plast, papir, matrestar, glas/metall og restavfall• Barna skal få kunnskap om dyr og dyreliv• Barna skal få oppleve og bli kjent med nærmiljøet til barnehagen• Barna skal få oppleve å sove og lage/ete mat på tur	<ul style="list-style-type: none">• Vi skal gi barna gode friluftsupplevingar i nærmiljøet; året rundt, og i all slags vør• Vi sorterer avfall; plast, papir, matrestar, glas/metall og restavfall, og lærer om korleis vi kan ta vare på naturen• Vi vil følgje med på årstidene og lære om endringane i naturen• Barna skal tileigne seg kunnskap om ulike planter, dyr og insekt• Vi kan så grønsaker, og følgje med på utviklinga• Barna skal få oppleve å lage/ete mat på tur (sove og kvile utandørs)	<ul style="list-style-type: none">• Vi sorterer avfall; plast, papir, matrestar, glas/metall og restavfall, og lærer om korleis vi kan ta vare på naturen• Vi vil følgje årstidene og lære om endringane i naturen• Barna skal få ny kunnskap om ulike planter, dyr og insekt i nærmiljøet• Vi vil undre oss, reflektere rundt og stille spørsmål det vi erfarer og opplever• Vi skal bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring• Barna skal få vere med å lage mat på bål• Vi vil nytte naturen som arena for leikande førskule

Fagområde: Mengd, rom og form

“Barnehagen skal saman med barna oppdage, utforske og skape strukturar som hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.”

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få kjennskap til tal og teljing, mønster og formar, mengde og storleikar gjennom leik og kvardagsaktiviteter• Gjennom samtalar og leikande tilnærmingar i dei kvardagslege situasjonane brukar vi aktivt språket for at barna skal utvikle forståing for grunnleggjande matematiske omgrep• Songar, rim og regler• Barna skal få bruke både kroppen sin og sansane sine for å orientere seg ute og inne	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få kjennskap til tal og teljing, mønster og formar, mengde og størrelsar, proposisjonar og plassering, tid og rom• Gjennom kvardagslege situasjonar og tur, vil vi i leik og samtalar bruke matematiske omgrep og på denne måten utvikle ei matematisk forståing.• Vi skal bruke naturen som læringsarena, der vi kan sortere og klassifisere naturmateriale, undersøke og få kjennskap til ulike blommar, stein, kvistar og insekt og bruke dette aktivt inn mot matematiske omgrep.• Vi kan bruke samlingar, song, rim og regler• Vi vil aktivt bruke rommet både ute og inne, for å lære oss romforståing og orientering.• Vi vil spele ulike spel• Vi vil sortere og systematisere ulike materiale• Barna skal få erfaring med ulike fargar, som vi også kan eksperimentere med• Vi vil ha oppe talsymbol på avdelinga og jobbe med teljing.	<ul style="list-style-type: none">• Vi spelar spel, bruker bøker, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk• Songar, rim og regler• Vi vil arbeide med tal, former, farger, og ha oppe talsymbol på avdelinga• Vi skal bruke matematiske omgrep aktivt i kvardagen.• Vi skal bruke kroppen og sansane for å utforske romforståing ute og inne• Barna skal få kjennskap til omgrep som preposisjonar og antonym (minst/størst, tung/lett)

Fagområde: Etikk, religion og filosofi

“Fagområdet er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og handlingar. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.”

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Synge kristne barnesongar• Dei vaksne skal vere ein trygg base i kvardagen• Barna skal få oppleve rom for nærheit, omsorg og undring• Barna skal få ei forståing for at «Eg er meg»• Barna skal få kjennskap til og oppleve dei ulike kristne høgtidene• Barna skal oppleve glede med å vere saman• Barna skal få høyre forteljingar frå Bibelen, med hjelp av konkretar	<ul style="list-style-type: none">• Synge kristne barnesongar• Vi har kristen samling ein gong i veka, der bibel- og verdiformidlande forteljingar er sentrale• 4-åringane besøker kyrkja til jul og påske, opplever julespel og påskevandring• Barna skal få reflektere og undre seg rundt bibelforteljingane• Vi skal vise respekt for alle sin religiøse og kulturelle bakgrunn• Barna skal oppleve å verte inkludert gjennom rolleleik• Det skal vere rom for undring i kvardagen	<ul style="list-style-type: none">• Vi har kristen samling ein gong i veka, der bibel og verdiformidlande forteljingar er sentrale• Syng kristne barnesongar• Vi vil besøke kyrkja til både jul og påske, oppleve julespel og påskevandring• Vi skal vise respekt for barna sin religiøse og kulturelle bakgrunn• Barna skal verte bevisst på det å vise omsorg, dele, ta omsyn og inkludere gjennom rolleleiken• Vi skal filosofere over spørsmåla: Kva er rett og gale? Kvifor det?• Barna skal lære å ta omsyn og vere høfleg i møte med andre både i og utanfor barnehagen• Øve oss på å vere inkluderande og samarbeide med andre for å unngå krenkande åtferd, ekskludering og mobbing.

Fagområde: Nærmiljø og samfunn

Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Kulturelt mangfald og ulike levemåtar er ein del av fagområdet. Borna skal få kjennskap til og føle glede ved å vakse opp i eit demokratisk samfunn (barns medverknad) og få kjennskap til menneskerettane.

Rammeplanen for barnehagen

For barna i vår barnehage vil det seie:

Trinn 1 MÅL	Trinn 2 MÅL	Trinn 3 MÅL
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få oppleve turar rundt i bygda for å verte kjende med nærmiljøet vårt• Vi skal få kjennskap til barna og familiarne på barnegruppa gjennom “Mitt Hus”• Barna vil bli presentert for «Barnas misjons-prosjekt»• Vi skal få kjennskap til samane, urfolk i Noreg, gjennom bilete, konkretar, song og forteljing• Vi vil markere Mini 17 Mai, vi øver på feiring av nasjonaldagen vår• Vi vil la dei minste få medverke i kvardagen sin	<ul style="list-style-type: none">• Vi vil markere 17.mai, Norges nasjonaldag med «mini-17.mai», der vi formidlar kvifor vi feirar akkurat denne dagen og øver oss på å gå i tog.• Vi vil utforske nærmiljøet og samfunnet, tileigne seg kunnskap om stadar og tradisjonar i og rundt barnehagen.• Gjennom Barnas misjonsprosjekt vil barna få kjennskap ulike levemåtar og kulturar• Barna skal få kjennskap til samane, urfolket i Noreg gjennom markeringa av samane sin nasjonaldag 6.februar.• Barna skal få medverke i sin eigen kvardag.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få oppleve markeringar av nasjonale høgtider som samane sin nasjonaldag (6. februar) og Norge sin nasjonaldag (17. mai)• Vi vil oppmuntre barna til å medverke i sin eigen kvardag og utvikle tillit til samfunnsdeltaking• Vi vil gå på turar i og utanfor nærmiljøet• Barna skal få utforske ulike landskap, verte kjende med institusjonar og stadar i nærmiljøet, lære å orientere seg og ferdast trygt• Vi vil la barna få erfaring i korleis ein kan medverke/ påverke i eit fellesskap• Barna skal bli kjent med eigen skule og SFO gjennom besøk• Vi vil samtale og gjer oss erfaringar med kva skule er. Forventningar barna har til skulestart som: Kva er ein skule og kva gjer ein der?